

# Kyrkjeblad for Lom

Nr. 1 2021

Bøverdalen - Lom - Garmo

80. årgang



## LOM KYRKJEKOMMUNE

Kontortid kvardagar 10:00-14:00  
Besøksadresse: 3. etg. Midtgard  
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom

Leiar Lom kyrkjelege råd  
Bente Sulheim Ovesen, tlf. 979 77 213  
bente.sulheim.ovesen@lom.kommune.no

Sokneprest  
Hans J. Sagrusten, tlf. 479 76 473  
hjs@bibel.no

Kyrkjeverje  
Ledig stilling  
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjelydssekretær  
Guri Husom, tlf. 481 65 528  
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjetenar  
Jonas Fjeld  
Terje Blakarstugun  
Tlf. 61 21 16 75 / 400 62 194  
Kyrkjetenar@lom.kommune.no

Organist  
Reidar Svare, tlf 900 32 601  
reidar.svare@lom.kommune.no

Trusopplærar  
Endre Skjåk, tlf. 901 35 738  
Endre.skjak@skjaak.kommune.no

Omvisartenesta  
Tlf. 970 75 397  
Booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

Kyrkjebladet  
Konto: 2085 07 11772 (merk "kyrkjeblad")  
Bladpengar pr. år:  
Innanbygds: 150,-  
Utanbygds: 200,-  
Utanlands: 250,-

Redaksjonsgruppe  
Anne Sulheim, Runa Smedsmo, soknepresten og  
kyrkjelydssekretæren

Utforming/sideoppsett  
Rønnaug Nyernes og Guri Husom

Trykk  
Dale-Gudbrands Trykkeri as  
Tlf. 61 27 73 50 Lasse@dg-trykk.no

# BIBELN I SPRÅKET

## Alfa og Omega

Vi høyrer av og til folk seia at noko er «Alfa og Omega». Det tyder at det er noko svært viktig, skjønar vi. Men kvar kjem dette uttrykket frå?

Alfa og Omega er den fyrste og den siste bokstaven i det greske alfabetet, som Det nye testamentet er skrive med.

Alfa er den bokstaven vi ser inni alfa-krøllen, og svarar til vår A. Omega er, som ordet seier, ein lang o-lyd og svarar til vår Å. Den korte o-en heiter såleis Omikron.

Vi finn Alfa og Omega som store bokstavar i kyrkjekunsten, og då ser dei slik ut: A og Ω. I Johannes' openberring seier Gud tre stader: «Eg er Alfa og Omega, ...», og så kjem tydinga like etter: «... den fyrste og den siste, opphavet og enden». (Op 1,8; 21,6 og 22,13)

At noko er «Alfa og Omega» tyder altså noko som er så viktig at ein ikkje kjem utanom det, sidan det er både fyrst og sist. Det er med andre ord heilt ufråkomeleg.

Framsidedilete: Gunn Berit Vole Mork

Kyrkjebladet

# Presten sine tankar

## Messa før og no

Her i Nord-Gudbrandsdalen brukar vi enno det gamle ordet messe om gudstenesta. Dette er ein arv som vi truleg har heilt frå katolsk tid.

Sjølv ordet er henta frå avsluttinga av den latinske messa, der presten brukte å seia: «Ite, missa est!»! Det tyder noko i retning av: «Gå, de er utsende!» Dette er bakgrunnen for at vi enno i dag avsluttar messa med helsinga «Gå i fred!»

Slik er det med alle ledda i messa: Dei har røter langt attende i tida. Og vi har desse orda til felles med kyrkjer i heile verda. Vi kjenner dei latinske titlane, blant anna frå klassisk musikk, som Kyrie, Gloria, Sanctus og Agnus Dei.

Kvart av desse ledda har si eiga historie. Gjennom hundreåra har ein henta dei finaste bønene ein har visst om i Bibelen, og sett dei i hop i den kristne messa.

I starten av messa står naudropet frå ein blind tiggjar som sat i veggrøfta. Det var den blinde Bartimeus som ropa på Jesus. Dei orda som han ropa etter Jesus, har vorte sunge i kyrkjer over heile verda i to tusen år: «Kyrie eleison» står det på gresk. «Herre, miskunna deg over meg», syng vi.

Men lovsongen som fylgjer etterpå, er ikkje frå nokon tiggjar. Nei, der har ein henta den store lovsongen frå Betlehemsmarkene, som står i juleevangeliet:

*«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!» (Luk 2,14)*

Ved innleiinga til nattverden står ein annan eldgammal lovsong: Det er songen som profeten Jesaja høyrde då han fekk ein visjon av Gud på 700-talet f.Kr. Det var himmelske vesen som song så sterkt at dørstokkane i tempelet riste:

*«Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. Heile jorda er full av hans herlegdom.» (Jes 6,3)*

Men straks etter denne lovsongen er vi ikkje i tempelet lenger. Då er vi utanfor byporten i Jerusalem, der folket helsar Jesus med palmegreiner og song:

*«Hosianna, Davids son! Velsigna er han som kjem i Herrens namn! Hosianna i det høgste!» (Matt 21,9)*

Slik er den kristne messa. Her finn vi røyser frå ulike hundreår. Dei lagar eit drama som vi kan stige inn i. For det er heile poenget: Vi får leggje våre eigne kjensler inn i desse eldgamle orda. Dei blir våre.

Så er det ikkje lenger berre Bartimeus som ropar ut si naud i ropet «Kyrie eleison» – det er vi som ropar. Og det er ikkje lenger berre englane som syng «Ære vere Gud i det høgste». Det er vi i Lom òg som syng den gamle songen.

Og det er vi som får ta imot den eldgamle velsigninga, som er meir enn 3000 år gammal:

*«Herren velsigne deg og vare deg! Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig! Herren lyfte sitt andlet på deg og gje deg fred!» (4 Mos 6,23–27).*



Sokneprest Hans J. Sagstauen

# Påskeandakt

Cornelis Vreeswijk syng i «Turistens Klagan» om å kjenna seg avstengd, men korleis songen frå borna på Karl Johan gjev von.

Det sjunger några ungar på Karl Johan,  
dom låter starka och fina som bara ungar kan.

Ein ettermiddag i vinter kjende eg på at det var lite dagsljøs. Livet var prega av restriksjonane som er knytte til Covid-19. Då hende det noko – det var som å finna kvitveis og blåveis midt i snøen, isen og kulden om vinteren. Kva hende? Jau, det var ivrige barnerøyser som uttrykte glede over å leika i snøen, og lyden frå dei bar bod om liv og håp midt i det avstengde.

Dette minner meg om tre ord som er knytte til jula og påska:

«Ver ikkje redde».

Dette fekk gjetarane på Betlehemsmarkene høyra. Det same fekk kvinnene høyra då dei tidleg om morgonen kom til grava til venen sin. Det er så stilt, så stilt. Stilla blir broten av at noko grensesprengande hender, som ber bod om noko nytt.

Dette å sjå til grava handlar om eit felles, grunnleggjande behov; å sjå til og minnst den som er død. Ikkje sjeldan er det mange som gjer dette både rett etter gravferda og seinare. Dei ser til, kjenner på det som var, og ber med seg felles levd liv. Mange av kyrkjetenarane og gravarane rundt om veit at det er slik, og dei er opptekne av at kyrkjegarden skal vera ein verdig stad. Det ligg omsorg og omtanke i korleis dei etter gravferda legg kransar og båretbukettar på grava. Alle som har mist ein av sine nære, veit kor mykje det har å seia med ei slik verdig og respektfull haldning, i møte med alt det samansette som livet og døden rommar.

Livet til Jesus, døden hans på krossen og oppstoda hans kastar ljøs over liva våre og verda vår. Krossen er i berøring med vår eksistens. I den augneblinken då Jesus drog det siste andedraget sitt på krossen, skalv jorda, og berga slo sprekker. Etter at den døde kroppen til Jesus hadde kvilt i grava, skjer dette uforklarlege og overveldande endå ein gong. Men no er det ikkje dødens, men livsens krefter som bryt fram.

For Maria Magdalena og den andre Maria vart den sorgfulle morgonstilla broten. Eg ser føre meg angsten og forvirringa deira. Eg tykkjer eg høyrer spørsmålet deira: Kva er det som skjer? Er det ikkje nok no? Og så får dei høyra frå engelen:

*«Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste. Han er ikkje her, han er stått opp, som han sa. Kom og sjå staden der han låg!»*

Kyrkja blir framleis boren oppe av denne gjennomgripande hendinga. Sidan då har budskapet om Jesus Kristus har fått lyda, til forankring, tru og von.

Når livet til menneske blir fylt av mørke og tunge tider, skal kyrkja halda fram med å reisa opp eit ljøs som gjev von, for kvart enkelt menneske.

For sjølv om redsla ikkje er borte, spirer kreftene til livet fram. Oppstoda ber lovnader om liv og framtid. Kristus er oppstaden!

## Velsigna påskehøgtid!

Solveig Fiske  
Hamar biskop




Foto: Halvard Bjørkås

---

# Gudstenester i påska

- Palmesundag 28. mars** messe i Lom kyrkje kl. 11:00.  
Offer til Norsk Folkehjelp
- Skjærtorsdag 1. april** messe i Garmo kyrkje kl. 11:00,  
messe i Bøverdal kyrkje kl. 19:00.
- Langfredag 2. april** fellesmesse med Skjåk i Nordberg kyrkje kl. 11:00.
- Påskeaftan, laurdag 3.april** påskenattsmesse saman med Skjåk i Lomskyrkja, kl. 23:00. Det er ei stemningsfull og vakker messe med mykje song og musikk.
- 1. påskedag, sundag 4. april** vert det høgtidsmesse med barnedåp i Lom kyrkje kl. 11:00.  
Offer til Kirkens SOS

---

## Bøverdalen kyrkje

I desember 2020 vart det oppdaga at ei skiferhelle hadde losna på taket på kyrkja og hadde falle ned. Vi kontakta Stokk & Stein og dei gjekk over heile taket og oppdaga at det var ein del feil på taket. Fleire heller er lause og ein del har sprekk i seg.

Det er brukt bord til lekter og ein del av desse er i dårleg forfatning. Nokre av skiferhellene har vore spikra med lange spiker, som har gått gjennom lekter og papp. Dette kan føre til lekkasjer.


Vi har vurdert at vi må få stelt heile taket og har lagt ut arbeidet på anbod. Målet er å få stelt heile taket på Bøverdalen kyrkje våren 2021.

Lom Kyrkjelege Råd

# Gravøl/gravferd

## Oddbjørg Blakar fortel:

Det var ein vakker sommardag i 1934. Eg var 9 år og skulle få vera med mor bort i gravøl. Eg hadde opplevd at nokon døyde og gravferda. Men no skulle eg vera med bort. Mor hadde laga sending som ho bar med seg i korg med lokk. Ho var kledd i svart kjole med eit tørkle over akslene. Eg gjekk i sommarkjole med lange ermar.



Den døde kjende eg godt for ho hadde fleire gonger vore hjå oss koka mat ved barnedåp åt yngre sysken, så eg visste ho laga god mat. Vi laut gå litt varsamt for sendinga, men det var ikkje langt å gå. - Fleire frå grenda var komne og hadde vore inne og fått kaffi og mat, og hadde sett seg ut på benker og småprata. Eg sette meg saman med ei lita jente og tanta hennar.

Så kom lærar og klokkar Georg Sole på sykkel opp alle bakkane i Vårdalen frå Garmotrædet der han budde og var gift med Anna frå der. Han hadde berre ein arm, men var grepa i den andre handa. Han gjekk fyrst inn og helsa på familien og fekk kaffi, før han gjekk rundt og helsa på oss. Han skulle leie seremonien. No vart det spurt om fleire ville sjå den døde før lokket vart sett på. Det var summe som ville det, - gjerne også ta i ho, som for å bli bevisst på døden.

Kista vart boren fram og sett ute på tunet. Sole, vart alltid kalla berre det, sa kva vi skulle syngje, og song føre med sterk, flott stemme. Han var frå Evje i Setesdal, song med skarra R. Kunne nokon syngje så han lyfta taket, måtte det vore han. Som lærar lærde han oss mange fine songar, utan instrument. – Så heldt han ei god tale om livet og det å bli gammal. Etter ei ny salme, vart det køyrt fram hest og vogn, kista fløtt oppå, og ein del kransar, mest heimelaga, låg rundt. Hesten gjekk roleg nedover mot Garmokyrkja. Folk som var frammøtte, fylgde etter. På kyrkjegarden var det ferdig grav. Kista vart senka ned. Men det var ikkje prest til stades, og difor ikkje jordfesting. Det vart gjort ved neste messe av presten. Etter ny salme gjekk vi oppatt. Der fekk vi kaffi att.

Så langt eg hugsar, vart det lagt granbar i vegen ved kvar grind ein passerte gravølsdagen, som teikn på at ein deltok. I Vårdalen har dette vore halde i hevd til seinare tid. Med større biltrafikk vart det etter kvart brukt oppklypt einer som dei la på vegkanten.

Frå gammalt var det utvikla grenser for kor vidt det var vanleg å varsle om dødsfall og gjera kjent gravølsdagen. Det var kalla bearlag, og det var ein «omforligt» bodsmann i kvart lag. Eg kjem ikkje i hug dette i sin vanlege funksjon. Men den eldste i syskenflokkjen hjå næraste granne, Kristine Leirdalen, sa at ho hugsar Ola Ulmo kom og bad til gravøl (og til bryllaup). Han hadde nok ei fast «bøn» han bar fram på ein høgtideleg måte, og ynskte at ein møtte opp og støtta dei som vart att. Innafor bearlaget vart det venta at einkvan møtte frå heimane og at dei hadde med seg sending. Sending var ofte rumgraut i embar, eller ymse biteti i ei sendingskorg med eit fint klede rundt baksten. - I gravferda kunne også born få vera med, særleg om det var kjenningar i gravølsdagen. Eg trur det var sett på som bra at borna fekk oppleve døden før det ramma dei sjølve.

Seinare var eg med i gravøl i nedre Vårdalen. Det var born på garden som var i mi klasse i skulen. Mor og eg deltok. Det var ikkje noko bearlag dit, trur eg, men godt kjennskap. Det var vinter, og vi køyrde nok med hest. Etter kaffiservering var det ein enkel seremoni der presten heldt gravtale. To menn bar ljøs og gjekk fyre båra ut av heimen. Så var vi på kyrkjegarden, med jordfesting, men ikkje inne i kyrkja. Attende i gravølsdagen stod to kjerringar og tok imot folket. Det var ei stor ære å få den oppgåva. Like eins



---

var det ei ære å vera den som skulle be til bords. Det var helst ein kar med kraftig stemme. Så var det middag. Og etter ei lang pratepause var det også kveldsmat med rettar frå middagen og sendingsmat. Da fekk eg vera med ei tante ved bordet, for mor vart med ved fyrste bordsetnaden, - vi var i andre. Det vart nok lang dag.

Det var fyrst etter krigen ca. 1956 at det var vanleg å setja båra inn i kyrkja kvelden før gravferda. Da vart det både sunge ut frå heimen ved ein enkel seremoni, og full seremoni i kyrkja. Vi har framleis tradisjonen med ljosberarar, men no går dei fyre båra ut av kyrkja. Ikkje alle bygder har denne skikken, som eg tykkjer er fin. Ein annan fin tradisjon er å setje opp levande tre ved porten til kyrkjegarden ved gravferd. Den skikken er nok gammal.



Dette biletet er frå kyrkjegarden i Lom 1910. Kven er mannen på biletet? Er det nokon som kjenner namnet hans, vil vi gjerne få greie på det.

Foto: Wilse

---

# Konfirmantar i Lom kyrkjekommune 2021

Jørn Angard	Erna Fjeld Kvandalsvoll
Alf Martin Bakke	Annbjørg Laingen
Ingrid Bakken	Øystein Marstein
Emma Randen Bergdølmo	Helle Johannessen Mork
Håvard Øverli Bore	Gjermund Skamsdalen Olsen
Imre Fjeld	Jon Øystein Sulheim Ovesen
Ola Fjeld	Stefan Sandviken
Erik Grøna	Axel Antonius Schakenda
Sunniva Hosarøygard	Susanne Skjedsvoll
Amalie Forreløkken Hovland	Ane Teigen Skaansar
Sina Holø Husom	Halvard Strind
Amund Bjørnstad Kolden	Jo Ingebrigt Rusten Sveine

Grunna covid-19 har vi vorte oppmoda om å vurdere utsetjing av konfirmasjonane til hausten. Dette inviterte vi konfirmantforeldre til å ha ei meining om. Eine alternativet var at konfirmasjonane skulle gå som planlagt i vår på dei fastsette datoane. Andre alternativet var å utsetje konfirmasjonen til hausten. – Det var fleirtal for å gjennomføre konfirmasjonane no i vår. Men vi set likevel opp konfirmasjonsmesser i Lom og Garmo til hausten.

Lom:	22. mai	kl. 11.00 og 13:00
	28. august	kl. 12.00
Garmo:	29. mai	kl. 12.00
	11. september	kl. 12.00
Bøverdalen:	5. juni	kl. 12.00

Som vi alle veit, kan situasjonen med dette viruset endre seg raskt. Vi oppmodar difor om at de fylgjer med i lokalavisa og på facebookside til kyrkja.

---

## Konfirmantjubileum 2021

I år vert konfirmantjubileet laurdag kveld 05. september, med messe og avslutning 06. september. Dei som vert inviterte til jubileum i år, stod konfirmant i ei av kyrkjene våre på desse datoane:

<b>Bøverdal kyrkje</b>	<b>Garmo kyrkje</b>	<b>Lom kyrkje</b>
6. oktober 1940	13. oktober 1940	29. september 1940
8. oktober 1950	15. oktober 1950	1. oktober 1950
9. oktober 1960	2. oktober 1960	25. september 1960
14. juni 1970	28. juni 1970	21. juni 1970

Invitasjon kjem i posten etter at komiteen er komen i gang.

Er du jubileumskonfirmant, og ynskjer å vera med i festkomiteen, ring Guri på kyrkjekontoret på tlf: 481 65 528 eller send(e) e-post på kyrkjelydssekreter@lom.kommune.no Dette er berre triveleg arbeid!



---

## Konfirmantjubileum 2020

Konfirmantjubileet som vart utsett i fjor haust, hadde vi tenkt å ha no i vår. Sidan dette er personar i risikoalder og mange bur på andre kantar av landet, har vi utsett dette til hausten 2021.

---

## Messe ved Tesse

I samband med tusenårsjubileet til Heilag Olav si ferd gjennom dalen her, har vi starta planlegging av ei messe ved Tesse søndag 20. juni. Programmet er ikkje spikra enda. Men noko av det vi ynskjer oss denne dagen er ein dåp eller fleire.

---

## Salmekveldar

Vi ynskjer velkomen til fleire salmekveldar i kyrkjelydshuset i Lom denne våren. Vi har antibac og smittevernansvarleg til stades, slik at dette vert kveldar i trygge rammer.

Torsdag 29. april kl. 19:30

Torsdag 27. mai kl. 19:30

---

## Markering av Heilag Olav si kristningsferd gjennom dalen for 1000 år sidan.

Laurdag 24. juli 2021 vert det markering av denne hendinga, med ei vandring i Olav sine spor. Det vert ei samling i Lomskyrkja på efta/kveld. Det skal vera markeringar i fleire bygder her i nord-gudbrandsdalen, som skal ende opp på Hundorp Olsokdagen torsdag 29. juli. Der skal det vera ei større markering av Heilag-Olav si ferd frå Lesja til Lom og vidare til Hundorp i 1021.

Pilgrimssenteret ved Hans-Jacob Dahl leiar det heile med Heimbygdslaget som lokal arrangør.

Detaljert program kjem nærare datoen for arrangementet, både her i kyrkjebladet, på sosiale media og andre plassar.

# “Akk her nede så ofte tungt og trangt”

I 1919 gav Ola Mørk Sandvik ut den fyrste utgåva av boka “Folkemusikk i Gudbrandsdalen (særlig i de nordre bygder)”. Og som tittelen seier, fór han gjennom dalen for å samle folkemusikk.

I 1910 var han på vitjing hjå Anne Turtum (1830 - 1915) som budde i Lia. Det går klårt fram i boka at han vart svært begeistra for sangen til Anne.

Han skriv i boka si: “...Men en av mine kilder hadde i merkelig grad bevart sin ungdomsstemme; det var den 80-årige Anne Turtum i Lien (Lom)... Vidunderlig sølvsitrende var hennes lyse stemme”.

Elles kjem det fram i det Sandvik skriv om Anne at ho hadde ein svært vanskeleg barndom, med fleire uår frå 1830 og utover, og som femåring miste ho far sin i ei tragisk ulykke. Sandvik meiner at dette gjorde at ho vaksen alder var svært oppteken av ve og vel både for dei rundt seg, men kanskje enda meir for dyra.

Det blir skildra i boka kor takknemleg ho var da rutebåten mellom Vågå og Lom kom i gang slik at skysshestane slapp alt slitet. “...og i sin glede bestemte hun seg til å lønne både de flinke folk som hadde satt den i gang og den som brukte befordringsmidlet. Hun gikk da hver dag utenfor sin hytte oppe i skrenten og slynget sine vidunderlige kulokk-noter utover vannet”.

Anne var djupt religiøs. Sandvik skriv “...hun levde og åndet i religiøs mystikk. Lengselen etter Gud var pulsslaget i hennes vesen; noen av de oppbyggeligste timer av i mitt liv har jeg hatt i hennes bitte lille hytte, hvor det utenom de aller nødtørftigste nyttegjenstander ikke var annen luksus enn et par religiøse bøker og vindusblomster i en av Bjellands fiskebollbokser.” Ein av tonane Sandvik skreiv ned etter Anne Turtum var på teksta: “Ak, her nede er saa ofte tungt og trangt”.

Det som er litt kuriøst med denne melodien er at han er ein nokså utypisk salmemelodi. Rett nok går han i moll, men rytma er meir “spretten” en det som var vanleg. - Og som Sandvik skriv så syner det seg at det er “Näckens polska” som Anne brukar som melodi til salma.

Polska er ein svensk dans i tredelt takt som kan minne om norsk pols eller springleik. Midt i verset slår ho rett nok over i todelt takt, men melodilina er den same som i “Näckens polska”. Sandvik skriv om dette: “Men den måte hvorpå hun tilpasset denne melodi til teksten, gir et godt billede av hennes fine musikalske forståelse”. Til slutt skriv Sandvik: “Anne Turtum er et bevis blant mange på at de virkelige tradisjonsbærere er folk utenfor den alminnelige type.”



15. Anne Turtum.

Ak her-ne - de, er saa of - te tungt og trangt og mørkt for  
 en Je - su brud. Of - te rin - der træng - sels taa - re nød  
 og bræn - der saart, o for-barm dig, Gud! Men der hjem-me, ak der -  
 hjem-me i . Guds stad, der er sor - gen u - kjendt, der er  
 hjer - tet glad. Tænk, tænk at faa kom - me did,  
 og faa hvi - le ud fra al nød og strid.

## Høyr den norske kyrkje sin podcast

Du finn "Pod for Gud og Hvermann" i Spotify, iTunes og Soundcloud.

Pod for Gud og hvermann er en podcast for deg som er interessert i temaer i skjæringspunktet mellom religion, kirke, kultur og politikk.



I podcasten vil vi snakke om dagsaktuelle spørsmål i både kirke og samfunn. Vi vil invitere spennende gjester, fra både kultur, kirke og politikk. Vi vil prøve å sette ord på vanskelige ting med en lettfattelig tone, og på denne måten kanskje bidra til en mer sivilisert og optimistisk ordbruk.

Det faste panelet består av Jon Arne Johansen Harby, Britt Agnete Enemo og Kenneth Hansen. Teknikken er ivaretatt av Halvard Bjørkås.

I vår siste podcast-episode i Pod for Gud og hvermann møter vi Ap-leder Jonas Gahr Støre. Han har et råd til oss.

Vi hørs!

---

# Påska frå A til Å

**H for hytta, P for Pilatus, E for engel. Vi lèt alfabetet hjelpe oss gjennom sentrale og mindre sentrale sider ved påska.**

Tekst: Trygve W. Jordheim / red.

**A for Agnus dei:** Latin for «Guds lam», eit av omgrepa som blir brukte om Jesus. Uttrykket har røter i den jødiske påskefeiringa, då ein slakta eit lam til påske.

**B for Betlehem:** Det går ei tydeleg line frå juleevangeliet, der det viktigaste skjer i Betlehem, til påskehendingane i Jerusalem.

**C for Corona:** Påska 2021 blir ikkje heilt slik som tidlegare år. Men det blir messer i kyrkjene våre som vanleg, og dei blir òg strøyma på Facebook.

**D for Da Vinci:** Leonardo då Vinci (1452-1519) har måla det mest kjente biletet av den fyrste nattverden. Motivet er måla direkte på veggene i «Santa Maria delle Grazie», som er ei kyrkje og eit kloster i Milano i Italia.

**E for engel:** Då kvinnene kom til grava på påskemorgon, steig ein engel ned frå himmelen, rulla steinen framfor grava til sides og fortalde at Jesus hadde stått opp att.

**F for ferie:** Påska kjem med ekstra mange raude dagar på kalenderen: skjærtorsdag, langfredag og andre påskedag (mandag).

**G for Getsemane:** Getsemane er namnet på hagen der Jesus vart arrestert av romerske soldatar (sjå R).

**H for hytta:** Mange fer tradisjonelt bort i påska. og mange av desse brukar å reise på hytta.

**I for INRI:** «Iesus Nazarenus Rex Iudaeorum» er latin og tyder: «Jesus frå Nasaret, kongen over jødane». Dette skreiv Pontius Pilatus (sjå P) på eit skilt som han hengde på krossen, over hovudet til Jesus.

**J for Jesus:** Kjernebodskapen i påska er at Jesus døydde på ein kross (sjå K) for syndene til menneska og stod opp att frå dei døde.

**K for kross:** Krossen (latin: crux) var ein reiskap som romarane (sjå R) utvikla for å gje forbrytarar ein særskild pinefull død, men på grunn av Jesus vart han det fremste symbolet til kristendomen.

**L for langfredag:** Dagen då Jesus vart krossfest blir kalla langfredag – fordi han er lang og sorgtung. På engelsk heiter dagen «Good Friday», men vi veit ikkje sikkert kvifor. Det kan handla om «good» i tydinga «heilag», men det blir òg spekulert på om det eigentleg skal vera «God Friday».

**M for Maria:** Jesu mor, Maria, stod attmed krossen då Jesus vart krossfest, og Maria Magdalena var ei av dei som fann grava tom søndag morgon.

**N for Nikea:** På kyrkjemøtet i Nikea i 325 vart det bestemt at fyrste påskedag skulle vera fyrste søndagen etter fyrste fullmåne etter vårjamdøgn (sjå V). Nikea heiter i dag Iznik og ligg nordvest i Tyrkia.

**O for oblat:** Det vesle, tunne brødet som blir brukt i nattverden, blir kalla for ein oblat.

**P for Pilatus:** Pontius Pilatus var representanten til romarane (sjå R) i Jerusalem. Det var han som til slutt dømde Jesus til døden, sjølv om han eigentleg ville frikjenna han.

---

**Q for Quo vadis:** «Quo vadis?» er ein historisk roman frå 1896 av polske Henryk Sienkiewicz. Han handlar om apostelen Peter, som trass i at han svikta, vart peika ut av Jesus til ein viktig leiar i kyrkja.

**R for Roma:** Romarriket er eit av dei mektigaste imperia i historia. Det var berre romarane som kunne dømma folk til døden, og difor måtte Jesus førast fram for Pontius Pilatus (sjå P).

**S for søndag:** Rettssaka mot Jesus gjekk raskt, for å få saka avslutta før sabbaten, som startar fredag ettermiddag og varar til laurdag etter solnedgang. Sondag er den kristne heilagdagen, fordi dette var dagen då Jesus stod opp att.

**T for tvo:** Pilatus skjøna ikkje kva gale Jesus hadde gjort, men gav til slutt etter for presset frå folkemengda. Han vaska då hendene sine. I gamle bibelutgåver stod det at han «tvo hendene sine», på riksmål at han «toet sine hender». Uttrykket blir i dag brukt om å fråskrive seg ansvar.

**U for ultrafiolett:** UV-stråling har ei rekkje skadelege effektar på levande celler, så kom i hug å bruka solkrem viss de skal på fjellet.

**V for vårjamdøgn:** Fyrste påskedag fell på fyrste sundagen etter fyrste fullmåne etter vårjamdøgn. Vårjamdøgn er når natta og dagen er like lange, og det skjer når akselen til jorda står vinkelrett mot sola. Dette skjer 20. eller 21. mars.

**W for Wentzel:** Det siste større biletet som kunstmålaren Gustav Wentzel stilte ut, var «Interiør fra Lom kirke». Det blir messe i Lomskyrkja både påskenatta klokka 23 og på fyrste påskedag klokka 11.

**X for Andreas-kross:** Nesten alle apostlane til Jesus vart drepne for trua si. Han som heitte Andreas vart krossfest på ein x-forma kross, som vi difor kallar ein Andreas-kross. Det er brukt mange slike krossar i konstruksjonen i Lomskyrkja.

**Y for Hyios:** Y er den fyrste bokstaven i det greske ordet «hyios» (ΥΙΟΣ), som tyder «son». Jesus brukte dette ordet om seg sjølv då han kalla seg Guds Son.

**Z for sju:** Bokstaven Z stod opphavleg på sjuande plass i det latinske alfabetet. Sju er eit heilagt tal i jødedomen, og påskefeiringa kjem opphavleg frå jødane, som feirar påske (pesach) til minne om utferda frå Egypt.

**Æ for ære:** «Deg vere ære» er ei av dei mest kjende påskesalmane våre. Teksta er skriven av sveitsaren Edmond Louis Budry i 1885 og omsett til norsk av Arne Fjelberg i 1947.

**Ø for Øvresalen:** Rommet der Jesus og læresveinane hans heldt måltid i lag på skjærtorsdag, vart kalla Øvresalen, av di han låg i andre høgda.

**Å for åker:** Overprestane kjøpte ein åker for dei tretti sølvpengane som Judas hadde fått for å forråda Jesus, men som han gav attende da han angra seg. Åkeren vart sidan brukt som gravplass for framande.

Kjelder: SSB, Store Norske Leksikon, bibel.no, Wikipedia, NTB



# Susan måtte drikke vatnet ho vaska klede i

For seksbornsmora Susan Miyambo (35) var reint vatn berre ein fjern draum. Alt vatnet ho trong til mat, drikke og klesvask måtte ho hente i ei skitten elv.

Tekst: Anette Torjusen

Vi er i landsbyen Kasalaulo i Zambia, i eit område der fleire tusen flyktningar frå Kongo har søkt tilflukt. Her bur Susan saman med dei seks borna sine i eit lite hus med strå på taket.

## Tunge kanner

Med høner som flaksar rundt beina hennar, eit born på armen og eit som held i skjørtekanten, fortel ho om timelange gåtturar for å hente vatn før dei fekk reint vatn til landsbyen.

*Mangel på vatn ga oss mange helseproblem. Elva var vår næraste vasskjelde, og den var både skitten og full av bakterier. Vi var veldig ofte sjuke, fortel ho.*

Alternativet var å gå langt med tunge kanner. Fleire timar måtte ho bruke for å hente reint vatn. Det var det ikkje alltid tid til med seks born å ta seg av. Difor vart vatnet frå elva ofte den enklaste løysinga. Vatnet ho vaska klede i, drakk, bada borna i og lagde mat med. Vatnet ho delte med dyr og insekt.

*Vi måtte gå store avstandar for å kome til vasskjelda, og det var vanskeleg for familien min å få til det, forklarar ho.*

## Brønn som endra alt

Susan tar oss med inn i huset sitt der dei er mange på liten plass. Litt av plassen er satt av til oppbevaring av fisk og den populære grønnsaka, kassava, som smakar nesten som potet.

*Her ser du litt av inntekta mi, smilar ho. For sal av både fisk og kassava gir ekstra pengar til storfamilien.*

Ho peikar på dei fargerike vasskannene som står ved matlagingsplassen.

*No treng vi ikkje lenger å gå langt for å hente vatn. Takka vere Kirkens Nødhjelp har vi fått reint vatn i landsbyen. Det er vi så takksame for.*



Brønnen i Kasalaulo i Zambia er rett utanfor huset til seksbornsmora. Tilgang til reint vatn har forandra livet hennar. Ho kan mellom anna bruke mykje meir tid på å dyrke kassava og mango.



Landsbyen, med sine 1753 innbyggjarar, er ein av dei mange landsbyane som har fått tilgang til vatn av Kirkens Nødhjelp. Våren 2018 boret vi en brønn. Det er viktig for oss at heile landsbyen får eigarskap til vasssystema vi bygger. Difor samarbeider vi tett med våre lokale partnarar og vassingeniørar.

Innbyggjarane er med på å leggje til rette og vel ein eigen komité som held ved like og har ansvar for vassforsyninga.

For Susan er det no berre ein kort tur til brønnen som er omringa av kanner klare til fyllast opp.

*No kan eg gi familien min reint vatn. Det er eg så glad for.*



Seksbarnsmora Susan Miyambo trudde aldri at ho skulle få reint vatn, men no som ho har fått det kan ho bruke meir tid saman med borna sine.

Men sjølv om Susan ikkje lenger er bekymra for å bli sjuk av skittent vatn, har ho ei anna stor bekymring. Ei bekymring ho delar med resten av verda: Covid-19.

*Eg er redd for å bli smitta når mange av oss er samla, og eg fryktar for barna sine og mitt liv. Covid-19 er verkeleg og utgjør ei fare for oss alle.*

Spesielt er ho bekymra for lange køar ved vasspumpa. For i landsbyen er det mange som set pris på reint og trygt vatn og etterspurnaden er difor stor.

*Mi oppmoding er at det borast endå fleire brønnar for å møte etterspurnaden, slik at endå fleire får tilgang til reint vatn og vi kan ha god avstand for å unngå smitte.*

**Vi oppmodar til å støtte konfirmantane si innsamling til Kirkens Nødhjelp på Facebook.**

# Stillingsutlysingar

Lom kyrkjelege råd søker:

## OMVISARAR LOMSKYRKJA

Omvisarane må kunne ta omvisingar på engelsk og tysk, fransk eller eit anna relevant framandspråk i tillegg til norsk. Særleg behov for språkkyndige innanfor andre språk enn engelsk.

Arbeidsoppgåver: Omvising, vakthald, reinhald og orden i kyrkja, og sal av billetter og informasjonsmateriell. Pliktig til å delta i opplæring og organiserte møte og kurs i tilsetjingsperioden. Det vert lagt særleg vekt på god orden og høvisk framferd hjå dei som skal tilsetjast.

Søknaden må innehalde opplysingar om perioden du ynskjer å arbeide, språkkunnskap og eventuelt ferieynskje. Ferie ut over det som er avtalt i arbeidsavtala kan ikkje påreknast. Felles ansvar for å skape eit godt arbeidsmiljø

Grunna covid-19, er ikkje opningstidene fastsette enda.

## SOMMARHJELP KYRKJEGARDANE

Tilsetjingsperiode 2021: 04.05 - 31.08 Kan tilpassast skuleferie.

Arbeidstid: 30 timar/veke frå kl 0900-1500

Arbeidsoppgåver: Stelle i stand til planting på kyrkjegarden i Lom, stell og vatning av blomefelt.

Andre oppgåver etter avtale med kyrkjevevja. Må disponere køyretøy for å flytte seg mellom dei 3 kyrkjegardane.

For nærare opplysingar kontakt kyrkjevevja tlf. 481 65 527

Søknad med vitnemål og attestar sendast til: kyrkjekontoret i Lom, Postboks 177, 2688 Lom eller på e-post kyrkjekontoret@lom.kommune.no

## KYRKJEVERJE

Lom kyrkjelege råd søker kyrkjevevje fram til 1. oktober 2021 med høve for tilsetjing i fast stilling etter det. Stillinga er 80% av full stilling.

Vi søker ein god og tydeleg leiar som kan skape eit godt og aktivt miljø, samstundes som ein tek vare på staben.

## KVALIFIKASJONSKRAV

- God kompetanse og utdanning innan administrasjon, økonomi og leing.
- Inngående kunnskap til kommune/offentleg forvaltning
- Erfaring som leiar med personalansvar
- Kunnskap om Den norske kyrkje sitt verdigrunnlag og organisering.
- Medlemskap i Den norske kyrkje
- Kyrkjevevja har teieplikt etter gjeldande reglar.

---

## SØKNADSPROSESS

- Søknadsfrist: 6. april 2021
- Arbeidsgjevar: Lom kyrkjelege råd
- Stad: Bøverdalen, Lom og Garmo sokn, 2686 Lom
- Stillingstittel: Kyrkjevevjerje
- Stillingsstorleik: 80%.
- Full utlysing ligg på [www.kirkejobb.no](http://www.kirkejobb.no)

Søknad med CV sendast til:  
Lom kyrkjelege råd  
v/Bente Sulheim Ovesen  
Postboks 177  
2688 Lom

Ved spørsmål, ta kontakt på telefon 979 77 213.

---

## Dugnadar

Det er planlagt tidspunkt for rake- og plantedugnader på kyrkjegardane:

	Rakedugnad	Plantedugnad
<b>Lom</b>	3. mai kl. 18.00	3. juni kl. 12-19*
<b>Garmo</b>	6. mai kl. 18.00	7. juni kl. 14-19
<b>Buverdalen</b>	10. mai kl. 18.00	10. juni kl. 14-19


I samband med korona-restriksjonar i 2020 endra vi gjennomføringa av plantedugnaden. Vi spreidde plantinga ut over fleire timar, noko vi fekk mange gode attendemeldingar på.

I år, som i fjor kjem blomane til å stå framom kyrkjemuren. Men dette året kryssar vi fingrane for at vi kan servere både kaffe og bite på alle dugnadane.

Vi minner samstundes om at det er den enkelte festar sitt ansvar, at det vert planta på grava dei har festa. Det er ikkje Lom kyrkjelege råd eller dei tilsette som innehar dette ansvaret.

\*Hit vert også 4-åringane invitert til å kome og så frø.

Ta med rive på rakedugnadane. Vel møtt!



## Heim og ætt

### Døypte:

#### Garmo:

29.11. Åse Rusten

#### Lom:

13.12. Sondre Smedsmo Vole

13.12. Sjugurd Lionel Garmo

28.02. Sigrid Hoft

28.02. Tora Welve

### Vigde:

### Jordfesta:

#### Garmo:

11.12. Erling Øyberg f. 1929

15.01. Johannes Løften f. 1930

#### Lom:

19.02. Evelyn Øverli f. 1945

05.03. Marit Andberg f. 1932

09.03. Ingeborg Marie Synstnes f. 1931



## Om kyrkjebladet

Kyrkjeblad for Lom vert sendt ut til alle husstandar i kyrkjekommunen. Bladet kjem ut med 4 nummer i året. Ein gong i året vil de finna girovedlagt for bladpengar, og vi oppmodar alle heimar om å støtte Kyrkjebladet for Bøverdalen, Lom og Garmo.

### Vi ynskjer å seie tusen takk til kvar einskild som støttar bladet!

Vi set og stor pris på at mange utanbygdes buande abonnerer på bladet. Dette året har vi hatt nær 30 adresser på abonnentlista, og vi tek gjerne imot fleire. Kanskje eit gåvetips? Abonnementinformasjon står under kontaktinformasjonen vår på side to. Hugs berre å skrive namnet til den som abonnerer ved innbetaling. Ofte står det berre kontonummeret, og da har vi ikkje høve til å finne ut kven som har betalt, og får ikkje sendt ut bladet.

Det er fleire som har kome med attendemelding om at dei ikkje får kyrkjebladet i postkassa. Vi har varsla distributøren av bladet, og håpar dette rettar seg.

### Lom kyrkjekommune på Vipps:

Ofring ved messer: 132954

Blomefondet: 533520

Dersom du ynskjer å stå på lista til blomefondet ved gravferder, lyt du ringe til banken. Dei trekkjer og direkte frå kontoen din om du ringjer. Enkel og grei måte om du vil gje på blomefondet.

Sparebank 1 Lom og Skjåk sitt nummer:

61 21 90 00

# Glimt frå tidlegare årgangar

2

Kyrkjeblad for Lom

LANGFREDAG

## Sjå der Guds lam!

Vi har ikkje føresetnad til å fata Jesu lidning, korkje dødsangsten i Getsemane eller då han kjende seg bortstøytt frå Gud på krossen.

Vi les det. Skrifta fortel om dette skræmelegaste som har hendt på jorda. Vi står tilbedande i mållaus maktløyse andsynes dette mest uskynlege av alt uskynleg ved Gud. Me stamar fram takka vår så godt me kan.

Men hovudsaka for oss er det som teksta idag legg oss på hjarta: å sjå. Det var berre eitt å gjera for dei ormstukne israellittane i øydemarka: å sjå på koparormen. Og så vart dei berga. Dei skulle ikkje krypa bortåt og ta på han. Dei skulle heller ikkje skyna dette frelserunderet. Nei, berre sjå!

Høyr det du ufreda sjel som ikkje lenger kan leva i synda, og heller ikkje kan koma deg laus. Sjå! Sjå det Guds lam!

Og lat deg heller ikkje hefta av ank og otte for at du ikkje kan tru, og ikkje kan gripa Kristus og eigna til deg nåden.

Sjå du berre på Gudslammet. Ingen israclitt døydde av det giftige ormebit så sant han såg på koparormen. Og ingen syndar går fortapt så lenge han ser på Guds-Lammet.

Vend dei tårevåte augo dine til krossen. Du ser aldri Kristus klårare enn når du ser han gjennom tårer.

All frelseverknad i sjela vår og i det daglege livet, er ei frukt av at vi ser på Guds-Lammet. Aldri blir synda så stygg, aldri blir sorga så stor, som når vi ser kva Jesus laut lida for skuld syndene våre. Aldri får trua slikt mod, som når vi ser på han som let seg drepa av fiendane sine, så han kunne sona syndene deira.

Dr. O. Hallesby  
i  
«Dagleg fornying»,  
Oppbyggjingsbok for heimen.

PÅSKEDAG

## Oppvekt til vår rettferdiggjering.

Påskedag hende det største som har hendt i heile vår soge.

Levandegjord i ånda bryt Jesus sund portane til dødsriket og opnar vegen frå dødens myrke dal til livsens ljose land.

Dødsens velde er no knekt. Og døds-kreftene lyt gjeva også lekamen attende.

Dette er stort.

Men påskeevangeliet kjem med endå gildare bod til oss, vi som ikkje berre er merkte av døden, men er dødsdømde brotsmenn. Det forkynner oss at Kristi lekamlege oppstode er Guds eiga underskrift på Jesu søknad om nåde for oss.

Då Gud opna dødsrikeportane og reiste Jesu lekam opp or grava, kunngjorde han for himmel og jord, og helvetet med, at han godkjende den oppgjerda med ætta som vart fullført ved Jesu død. Difor seier apostelen: «Oppvekt til vår rettferdiggjering».

Dette er gildaste påskebodet. Mitt frikjenningsbrev med Guds eiga underskrift ligg ferdig og ventar på meg alt frå påskedags morgon. Ståande under Kristi kross, les eg skuldbrevet mitt, men får sjå at det er overført på Frelsaren.

I den tome grava hans finn eg det att som eit gudgjeve prov på at Jesus har betala for meg, så eg er fri.

Kven er det som fordømer? Kristus er den som har døydd, ja endå meir, som er oppvekt!

Halleluja!

Dr. O. Hallesby  
i  
«Dagleg Fornyning»,  
oppbyggjingsbok for heimen.



# GUDSTENESTEPLAN

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, er det som regel messe i Skjåk kyrkjekommune – og omvendt. Sjå meir informasjon under messeplanen. **Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.**

## **Sundag 14. mars.**

LOM KYRKJE kl. 11:00 Offer til trusopplæringa i Lom kyrkjekommune.

## **Sundag 21. mars.**

BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00. Offer til kyrkjebladet  
GARMO KYRKJE kl. 19:00. Offer til kyrkjebladet.

## **Sundag 28. mars. Palmesundag**

LOM KYRKJE kl. 11:00. Offer til Norsk Folkehjelp

## **Torsdag 01. april. Skjærtorsdag**

GARMO KYRKJE kl. 11:00.  
BØVERDAL KYRKJE kl. 19:00.

## **Fredag 02. april. Langfredag**

NORDBERG KYRKJE kl. 11:00. Fellesmesse

## **Laurdag 03. april Påskeaftan.**

LOM KYRKJE kl. 23:00. Fellesmesse. Inga ofring.  
Lomsklangen tek del.

## **Sundag 04. april 1.påskedag**

LOM KYRKJE kl. 11:00 Messe med barnedåp. Offer til Kirkens SOS

## **Sundag 18. april**

LOM KYRKJE kl. 11:00. Messe med barnedåp Offer til Mental Helse Ottadalen

## **Sundag 25. april**

GARMO KYRKJE kl. 11:00. Samtalegudsteneste. Offer til Sandomstiftinga

## **Sundag 02. mai**

BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00. Offer til blomerefondet.

## **Sundag 09. mai**

LOM KYRKJE kl. 11:00. Konfirmantjubileum 2020. Offer til Stefanusalliansen

## **Sundag 13. mai Kristi himmelfartsdag**

Raubergstulen kl. 11:00.

## **Sundag 17. mai. Grunnlovsdag**

LOM KYRKJE Tidspunkt kjem i annonsen vår i Fjuken, og på heimesida. Offer til Redd Barna.  
GARMO KYRKJE Tidspunkt kjem i annonsen vår i Fjuken, og på heimesida. Offer til Redd Barna.

## **Laurdag 22. mai.**

LOM KYRKJE kl. 12:00. Konfirmasjonsmesse. Offer til konfirmantarbeidet.

## **Sundag 23. mai. 1. pinsedag**

LOM KYRKJE kl. 11:00. Offer til trusopplæringa

## **Laurdag 29. mai.**

GARMO KYRKJE kl. 12:00. Konfirmasjonsmesse. Offer til konfirmantarbeidet.

## **Laurdag 06. juni**

BØVERDAL KYRKJE kl. 12:00. Konfirmasjonsmesse. Offer til konfirmantarbeidet

## **Sundag 13. juni**

LOM KYRKJE kl. 11:00. Offer til Blå Kors

## **Sundag 20. juni**

Utemesse ved Tesse kl. 11:00. Sjå meir informasjon på facebookside vår og i annonsen vår i Fjuken.

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen: Sjå fast annonse i Fjuken, i kalenderen hjå [www.lom.kommune.no](http://www.lom.kommune.no), på vår heimeside: <http://www.lom.kommune.no/kyrkja.no> - eller fylg oss på Facebook: Lom Kyrkjekommune.

## **Gudstenester utanom kyrkjene I 2021**

Kristi Himmelfartsdag, torsdag 13. mai kl. 11:00: Raubergstulen.

Sundag 20. juni kl. 11:00: messe ved Tesse i Garmo sokn.

Sundag 01. august kl. 11:00: messe på Garmo gamle kyrkjegard

Sundag 22. august kl. 11:00. Messe ved prestehytta ved Dalsvatnet.



## Helsing frå ordføraren

Til alle innbyggjarar i Lom,

Nå er det over eit år sidan landet vårt vart stengt ned på grunn av Covid-19. Mange av oss trudde at innafor påske 2021, så hadde vi fått kontroll på viruset. Dessverre går vi også i år ei påske med koronarestriksjonar i møte.

Det siste året har vore utfordrande for mange, og det er lagt ned ein stor innsats for å unngå smittespreiing. Eg ynskjer å rette ein stor takk for denne innsatsen til arbeidstakarar og innbyggjarar i Lom kommune. Eg er stolt over å få vere ordførar i ei lita fjellbygd som har klart å handtere denne situasjonen så godt. At vi har hatt lite smitte i Lom er ikkje berre tilfeldigheter og flaks, det er og dyktigheit.

Vi er i gang med vaksineriing, og vi ser endeleg lysset i andre enden av tunnelen. Kanskje er det håp for ein tilnærma normal sommar. Det er vanskeleg å seie noko om det nå, men vi må leve i trua – og halde motet oppe.

Nå når påska er her, må vi nyte den som best vi kan. Hugs at det ikkje er forbod mot å møtast ute, de må berre hugse å halde avstand. Eg oppmodar alle som kan, til å pakke ein sekk med mat og varm drikke, invitere med seg ein god ven og rusle ein tur i nærområdet. Det gjer godt både for hovudet og kroppen. Ta vare på kvarandre, hald motet oppe og nyt påska som best de kan!

Helsing ordførar Bjarne Eiof Holø

# Lom



Opningstid: Kvardagar 09:00-15:00

Sjå [www.lom.kommune.no](http://www.lom.kommune.no) for oppdaterte opningstider i påska.

Telefonnummer til koronatelefonen: 481 65 519

**Har du koronasymptom?**  
Hugs å teste deg så snart som råd.

Beste helsing Lom kommune

**Med ynskje om ei GOD påske til dykk alle saman.**

Ta godt vare på kvarandre,  
halde deg heime når du er sjuk,  
hugse avstand og  
høste i papirlommeterøkle,  
- med å vaske hender,

**TAKK FOR DU HELD UT!**

Foto: Ola Reidar Nyrnes



# Koronavaksining i Lom kommune

Vaksinasjonen er i full gang i Lom, og mange lurar på når det er sin tur. Dessverre klarar vi ikkje å svare heilt konkret på dette.

Vi veit ikkje kor mange vaksinar som kjem kvar veka, og det er ikkje alltid vi veit kva tid dei kjem. I snitt har vi fått 30 vaksiner, nokre veker får vi færre og andre veker får vi fleire. Dette betyr at tilbod om vaksine kan kome på stutt varsel – kanskje berre ein til to dagar på førehand.

## Fram til nå er det følgande personar som har fått tilbod om vaksine:

- bebuarar på Lom helseheim
- personar over 80 år + dei som er prioritert opp av fastlege på grunn av underliggende sjukdom
- prioritert helsepersonell

Neste på lista per 09.03.2021 er dei som fyller 80 år dette året.

Hugs at du sjølv ikkje skal ringe legekontoret eller koronatelefonen for å få vaksine. Du blir oppringt og får ein SMS når det er DIN tur.

Prioriteringslistene var klare 1. januar 2021, og desse listene blir fylgt så nøye som det let seg gjere.

## Vaksining av prioritert helsepersonell

Som anbefalt av FHI blir prioritert helsepersonell vaksinert. Fleire av desse bur i andre kommunar og kjem ikkje fram på statistikken som vi publiserer på nettsida til Lom kommune. Det er altså berre dei med folkerregistert adresse i Lom kommune som står oppført under Status i Lom på nettsida.

## Dette treng vi at du hugsar på i samband med koronavaksinasjon:

- Du får ein telefon, samt ein SMS, når det er DIN tur. Du skal ikkje ringe for å få vaksine.
- Tilbod om vaksining kan kome på stutt varsel – kanskje berre ein til to dagar i førevegen. Har du ikkje høve til å møte på tida du blir tilbode, får du tilbod om ny tid seinare.
- Koronavaksinasjonen går føre seg i Utgard. Følg skilting frå parkeringsplassen.

Prioriteringslistene blir fylgt så nøye som det let seg gjere, og du kan vere trygg på at du blir kontakta når det er din tur.

På Lom kommune si nettside kan du lese meir om mellom anna prioritering av kven som skal få vaksine fyrst, kva som er definert som underliggende sjukdom og du kan lese status på antal vaksinerte (blir oppdatert ca ein gong i veka).

Så kan vi til slutt nemne at dei som jobbar med vaksinasjon i Lom oppdaterer så fort dei har meir informasjon å kome med. All informasjon dei sit med om vaksinasjon, og som kan delast, blir delt. Ringjer du legekontoret vil du med andre ord ikkje få andre svar enn det du kan lese deg fram til på kommunens nettside.



Lom kommune  
Sognefjellsvegen 6  
2686 Lom  
Telefon: 61 21 73 00



Telefon: 61 21 73 00  
post@lom.kommune.no  
[lom.kommune.no](http://lom.kommune.no)

# Lomsnytt

Informasjon frå Lom kommune - nr. 1 2021